

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 14.06.2021 kl. 16.00

Møtestad: formannskapssalen, rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame

Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og økonomisjef Andrea Fivelstad (sistnemnde deltok ved innleiinga av møte). Frå Stranda Hamn KF møtte hamnesjef Rita Berstad Maraak.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent. Kontrollutvalet valde å handsame sak 11/21 Meldingar, til slutt på saklista.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 10/21

Møtedato: 14. juni 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 22. MARS 2021

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 7. juni 2021.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 12/21

Møtedato: 14. juni 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

RAPPORT ETTER REVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 13/21

Møtedato: 14. juni 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Stranda kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsmeldingane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

Stranda kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 14/21

Møtedato: 14. juni 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA HAMN KF

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Stranda Hamn KF.



MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

Melding nr. 1 Manglande tillit!	Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp
Melding nr. 2 Dårlig arbeidsmiljø!	Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp
Melding nr. 3 Er det slik vi vil ha det?	Fråsegn frå Stranda AP, Stranda H, Stranda Krf, Stranda MDG og Stranda SP

Ved innleiinga til handsaminga av meldingane bad dagleg leiar Bjørn Tømmerdal om orsaking for at ikkje sekretariatet hadde bekrefta overfor gruppeleiar Frank Sve å ha motteke meldingane til kontrollutvalet. Dette er sekretariatet pliktig til å gjere og orsakinga vil bli oversendt Frank Sve snarast.

Kontrollutvalet valde å ta meldingane til orientering.

Til melding nr. 1, Manglande tillit og melding nr. 2 Dårlig arbeidsmiljø frå Frank Sve, gruppeleiar, Frp, valde Stranda kontrollutval å uttale fylgjande til Stranda kommunestyre:

Stranda kontrollutval tek meldingane frå Frank Sve og Frp sin kommunestyregruppe på sterkaste alvor. Kontrollutvalet kjennar seg ikkje igjen i kritikken frå Frp og meiner at utvalet ved fleire høve har satt fokus på forvaltninga og administrasjonen i kommunen. Dette arbeidet er rapportert tilbake til kommunestyret.

Kontrollutvalet minner om at det er kommunestyret som er øvste kontrollorgan i Stranda kommune. Meiner kommunestyret at kontrollutvalet ikkje fungerer etter kommunelova er det berre kommunestyret som kan instruere eller erstatte kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har merka seg påstandane frå Frp og vil bruke noko meir tid på å vurdere innhaldet i desse. Dette arbeidet vil uansett bli rapportert tilbake til kommunestyret, enten om ein vel å sjå nærare på dei eller legge dei vekk.

Eventuelt:

Rådmann Åse Elin Hole ga kontrollutvalet ei orientering kring arbeidet med internkontroll i Stranda kommune i slutten av møtet. Ho fortalde nærare om avvik systemet og korleis leiarane handsama avvika.

Vidare fokuserte ho på korleis leiinga handterer prosedyrar og andre tiltak for intern kontroll. Utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærare presentasjonen. Orienteringa var ei oppfylging av kontrollutvalsak 06/21 Kommunal internkontroll.

Møtet var slutt kl. 18.05

Helge Kvame

leiar

(sign.)

Per Ingebrigt Karbø

nestleiar

(sign.)

Eva Rinde Habostad

medlem

(sign.)

Anne Melgaard Tårn

medlem

(sign.)

Vebjørn Skog

medlem

(sign.)